



Alle får statuettar på Spar Cup. Her frå utdelinga i 2014.

Søndag er det klart for ein svært kjekk fotballdag på Heio. Då er det nemleg klart for årets Spar Cup. At det vert kjekt, kan vi garantera. Unge spelarar, nokre i sin aller første kamp, får ei kjempekjekk oppleving, og vi litt eldre har mange ganger som publikum erfart at det er dei yngste som står for beste underhaldninga på fotballbanane!

Søndag mellom kl.10 og kl.17 vert det avvikla heile 54 kampar i Spar Cup. Det er ca. 35 deltakande lag frå heile Kvinnherad, og alle laga får minst 3 kampar. Spelarane er fødte frå 2006 til 2010, og kvar kamp varer i 2x10minutt. Dommarar er unge fotballspelarar frå Uskedalen og 1 frå Herøysundet. Fleire av dei debuterer som kampearar. Arrangementsansvarleg i fotballgruppa, Kjetil Myklebust seier at det vil vera minst 8 unge dommarar i aksjon.

- Vi har mellom anna 4 jenter som dømmer på føremiddagen før dei reiser til Rosendal for å spela fotballkamp med J14-laget, seier Myklebust og legg til at det er ein stor dugnadsinnsats både før og under arrangementet.
- Kvar lag har fått sine oppgåver som skal løysast, og med flott jobb både av spelarar og foreldre går det veldig bra.

Det vert som vanleg kiosk med salg av mykje godt. I tillegg stiller Lerøy Sjøtroll og grillar laks/aure som dei sel til inntekt for fotballgruppa.

- Det er vi svært takksame for. Elles sponsar Spar svært mykje ved arrangementet og dei er ein svært god støttespelar for oss, seier fotballgruppeleiaren før han avsluttar med å oppfordra folk til å køyra opp på Døsslandsido, medan ein køyrer om Haugland og ned Kjærlandsido når ein skal heim att.

- Vi håpar mange kjem og ser og heiar på dei unge spelarane, seier han heilt til slutt, og yr.no gjev godt håp om ein fin dag på Heio.



[Det pleier av vera ein skikkeleg koseleg dag på Heio under Spar Cup.](#)

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.